

Diskusjonsnotat:
”Skulen i Vågå
– eit nasjonalt fyrstårn for kompetansebygging og samfunnsutvikling”

Innhald

| | | |
|---------|-----------------------------------------------------------------------------------------|----|
| 1 | Skulen i Vågå - eit nasjonalt fyrstårn for kompetansebygging og samfunnsutvikling | 2 |
| 1.1 | Mandat og målsetjingar | 2 |
| 1.2 | Utviklingsarbeidet i Vågå..... | 2 |
| 1.3 | Befolkningsutvikling, næringsstruktur og utdanningsnivå i Vågå..... | 3 |
| 1.4 | Lokalpolitiske prioriteringar og målsetjingar..... | 3 |
| 1.5 | Den distriktpolitiske grunngevinga for prosjektet | 4 |
| 2 | Noregs beste skule..... | 5 |
| 2.1 | Om kunstfaga si tyding i utdanning og utvikling av menneske | 5 |
| 2.2 | Vågå kulturskule og tidleg intervensjon..... | 6 |
| 2.3 | Korleis oppnå målsetjingane i prosjektet?..... | 8 |
| 2.3.1 | <i>Kulturskulen som ressurs- og kompetansesenter</i> | 8 |
| 2.3.1.1 | <i>Estetiske fag</i> | 8 |
| 2.3.1.2 | <i>IKT</i> | 9 |
| 2.3.1.3 | <i>Matkultur</i> | 9 |
| 2.3.2 | <i>Globale perspektiv</i> | 10 |
| 2.3.2.1 | <i>”Verdsrommet”</i> | 11 |
| 2.3.2.2 | <i>Miljø</i> | 11 |
| 2.3.3 | <i>Samarbeidspartnarar og etterprøving</i> | 11 |
| 2.3.4 | <i>Synleggjering av prosjektet</i> | 12 |
| 2.3.5 | <i>Vågå som ”utstillingsvindaug” – nasjonal overføringsverdi</i> | 12 |
| 2.4 | Organisering og finansiering | 13 |
| 2.4.1 | <i>Tidsperspektiv for prosjektet</i> | 13 |
| 2.4.2 | <i>Forprosjekt</i> | 13 |
| 2.4.3 | <i>Ressursbehov/finansiering</i> | 13 |
| 2.4.3 | <i>Investeringar i bygg og utstyr 2008-2012</i> | 14 |
| 2.5 | Lokale tilhøve i Vågå | 14 |
| 2.5.1 | <i>Vågå kommune si satsing på skulen i arbeidet for barn og unge</i> | 14 |
| 2.5.2 | <i>Skulestrukturen i Vågå</i> | 15 |
| 2.5.3 | <i>Idrettssatsinga i Vågå</i> | 15 |
| 2.5.4 | <i>Arbeidet for framandkulturelle i Vågå</i> | 15 |

1 Skulen i Vågå - eit nasjonalt fyrtårn for kompetansebygging og samfunnsutvikling

1.1 Mandat og målsetjingar

Lage eit diskusjonsnotat som grunnlag for dialog med regjeringa, tilsette i skule, elevane, foreldre, kommunestyret, kommuneadministrasjonen, aktuelle samarbeidspartnarar og andre interesserte.

Politisk visjon:

”Etablere Noregs beste skule”.

Hovudmål:

Ved å gje barn og unge i Vågå det aller beste utgangspunktet, vil vi styrke tilflyttingsarbeidet i kommunen og bli meir attraktive for nye næringsetableringar.

Delmål:

- Auke kunnskapen og kompetansen til elevane innan basisfaga.
- Styrke oppvekstmiljøet og trivselen hjå innbyggjarane i Vågå kommune gjennom å auke kvaliteten og omfanget i tilbodet som barn, unge og vaksne får innan kulturelle og estetiske opplevingar.
- Stimulere til bærekraftig utvikling.
- Auke kunnskapen om og toleransen for framande kulturar og menneske.
- Bidra til ei meir positiv samfunnsutvikling i regionen.
- Ved å bruke Vågå som eit ”utstillingsvindaug”, ynskjer vi å skape eit prosjekt med nasjonal overførings- og nytteverdi.

Verkemiddel:

- For å styrke elevane si kompetanse i basisfaga, skal Vågå kulturskule utviklast til eit ressurs- og kompetansesenter som vert integrert i den ordinære skuleverksemda i kommunen. Tre fokusområde:
 - Estetiske fag
 - IKT
 - Matkultur
- For å bevisstgjere og styrke dei unge i Vågå sin kunnskap om natur- og miljøvern, skal det setjast auka fokus på undervisning i desse emna.
- Etablere eit ”verdsrom” kor barn og unge får kjennskap til ulike verdsdelar, land, kulturar, kommunikasjonsformer etc.
- Vidareutvikle eit sterkt partnerskap mellom barnehage, grunnskule, kulturskule og dei frivillige laga og organisasjonane i kommunen.
- Samarbeide med ulike nettverk og kompetansemiljø og evaluere undervegs for å sikre fagleg kvalitet og måloppnåing.
- Synleggjere prosjektet, både lokalt og nasjonalt.

1.2 Utviklingsarbeidet i Vågå

Sidan midten av 1990-talet har Vågå hatt fokus på ulike typar utviklingsprosjekt, og jobba målretta med tiltak som skal bidra til å auke livskvaliteten for innbyggjarane våre og fremje

næringsutvikling i kommunen. Langsiktig merkevare-/omdømmebygging er også sentralt i utviklingsarbeidet, og her har kommunen eit nært samarbeid med Elizabeth Hartmann i reklamebyrået Siste Skrik.

For å fremme livskvalitet, har hovudprioriteten vore å skape eit godt og mangfaldig tilbod av kultur- og fritidsaktivitetar og eit breitt butilbod. Målsetjinga er at innbyggjarane i Vågå kommune skal få leve det gode liv og at det å busetje seg i Vågå skal vere eit verdival. For å fremme næringsutvikling, vert det kontinuerleg jobba for at det skal vere enkelt å etablere og drive næringsverksemd i Vågå. Desse prosjekta har gjeve gode resultat. Både statlege og private arbeidsplassar har vorte flytta frå meir sentrale strøk til Vågå, og attendemeldingane frå arbeidsgjevarane er svært positive: Vågå kan skilte med høg kompetanse, mange søkarar, stabil arbeidskraft og lågt sjukefråvær. Det viser seg at det er god økonomi i å flytte verksemdene til Vågå.

1.3 Befolkningsutvikling, næringsstruktur og utdanningsnivå i Vågå

Som i regionen elles har folketalet i Vågå vore jamt synkande i ei årrekkje, og vi må heilt attende til 1977 og tidlegare for å finne at det var jamt fødselsoverskot i kommunen. Pr. 1. januar 2008 var det registrert 3 717 innbyggjarar. Av desse var 54 % over 40 år, og kommunen har i tillegg ei svak overvekt av menn.

Heile 42 % av den yrkesaktive befolkning i Vågå er tilsett i offentleg og privat tenesteyting med kommunen som desidert største arbeidsplass. Ca 14 % av Vågå sine innbyggjarar er tilknytte arbeid i jordbruk eller skogbruk. Industri, bergverk, bygg og anlegg sysselset 26 % av dei yrkesaktive, medan 18 % jobbar innan varehandel og reiseliv¹.

Næringsstrukturen i Vågå, med ein høg andel sysselsette innan primær- og sekundærnæringar og med relativt få arbeidsplassar innanfor meir kunnskapsbaserte verksemdar, har naturleg nok følgjer for kva slags utdanningsnivå ein finn hjå befolkninga i kommunen. Tal frå SSB for 2007 viser at det blant Vågå sine innbyggjarar var 36 % som kun har grunnskule, 50 % som kun har vidaregåande skule og berre 14 % med utdanning på universitetsnivå. På landsbasis er det 26 % som har fullført utdanning på universitetsnivå. Oppland er eit av dei fylka i Noreg som har den lågaste mengda innbyggjarar med høgare utdanning.

Som ein konsekvens av at mengda sysselsette i primærnæringa er avtakande, vil det i åra framover vere behov for nye typar arbeidsplassar i Vågå skal kommunen klare å oppretthalde eller helst auke folketalet. I høve til at ein høg andel av dei som har vokse opp i Vågå og som tek høgare utdanning ikkje har arbeidsmoglegheiter her etter ferdig utdanning, er det ynskjeleg at det vert etablert fleire kunnskapsbaserte arbeidsplassar i kommunen. Dette vil både gje ei meir mangfaldig befolkning og eit meir robust arbeidsliv.

1.4 Lokalpolitiske prioriteringar og målsetjingar

Det er full barnehagedekning i Vågå, og kommunen vart kåra til årets barne- og ungdomskommune av Barne- og likestillingsdepartementet i 2006. Dette mykje på grunn av at kommunen involverer og tek barn og unge med i lokaldemokratiet, noko dei unge gjev positive

¹ Tal frå SSB

tilbakemeldingar på. Vågå kommune har både ungdoms-, idretts- og kulturkonsulent, og barne- og ungdomskontakt som ressursperson for elevane i grunnskulen.

Hausten 2008 tok kommunen i bruk ny to-avdelings barnehage og personalavdeling på Lalm oppvekstsenter, og ved nyttår nyrenovert og påbygd barnehage i sentrum. I Økonomiplanen står totalombygging av Vågåmo skule for tur (truleg byggestart hausten 2009), og IKT er ytterlegare tungt prioritert i 2010 (fleire detaljar under kapittel 6).

Kommunen har nettopp vedteke ein ny grunnskuleplan og barne- og ungdomsplanen er under revisjon. Eigen plan for kulturskulen ligg i startgropa, der kommunen ynskjer å prøve ut modellen med kulturskulen som ressurscenter, slik det er skissert i dette notatet

1.5 Den distriktpolitiske grunngevinga for prosjektet

Dagens og framtidens barn og unge står framfor mange val og store utfordringar. Moglegheitene er større enn nokon gong, men samstundes er også krava og forventningane sterkare. I mange samanhengar vert ein viss kunnskap eller kompetanse sett som premis for i det heile å kome nokon veg. Utdanning er nøkkelen som kan opne dører vidare i livet.

Forskning viser at familiebakgrunn har stor tyding for skuleresultat, og at det er ein klar samanheng mellom foreldra sitt utdanningsnivå og korleis ungane deira presterar i skulen². Barn av høgt utdanna foreldre oppnår gjennomgåande betre resultat enn barn av foreldre med lågare utdanning. Kva rollemodellar ein har og kva miljø ein veks opp i, vert følgjeleg ofte avgjerande for kva kurs ein sjølv vel vidare i livet.

I Vågå er utdanningsnivået blant innbyggjarane lågt samanlikna med landsgjennomsnittet, og Oppland er eit av dei fylka i Noreg med den lågaste mengda innbyggjarar med høgare utdanning³. Bakgrunnen for dette er langt på veg eit resultat av næringsstrukturen. Kva vil dette medføre for barn og unge som skal vekse opp i distrikts-Noreg i framtida? Kva vil det bety for framtidig busetjingsmønster, arbeidsplassar og lokalisering av næringsverksemd i Noreg?

Tendensen er tydeleg allereie i dag. Distrikta vert tappa for kompetanse ved at dei best skolerte i samfunnet i hovudsak buset seg i byane, kor det er størst utval av relevante jobbar for denne gruppa menneske. Vi får ei intellektuell og kulturell elite i sentrale strøk av landet, medan distrikta i større grad vil ha ei befolkning med lågare utdanningsnivå. Moglegheitene for framtidens barn og unge kan avhenge av kvar dei blir født. Ynskjer vi ei slik utvikling?

Vi meiner at distrikta i større grad må fokusere på kunnskap og kompetanse, elles fryktar vi at Oppland som fylke og Vågå som kommune vil sakke akterut. Vi er bekymra for korleis Vågå-samfunnet vil vere om 20 år om vi ikkje tek dette på alvor i dag. Skal vi kunne tiltrekkje oss nye næringsetableringar og arbeidsplassar, er vi heilt avhengige av å ha innbyggjarar med eit visst utdanningsnivå. Skal vi tiltrekkje oss nye innbyggjarar samt vere attraktive for dei som tek høgare utdanning, må vi kunne tilby relevante arbeidsplassar.

Vi trur at auka satsing på barn og unge er nøkkelen til tilflytting av nye innbyggjarar og bedrifter i distrikta. Det er stort fokus på at barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår og at ein trygg og god barndom legg eit godt grunnlag for vidare ferd i livet. Barn sine preferansar når

² Skoleresultater 2004- En kartlegging av karakterer fra grunn- og videregående skoler i Norge. Hægeland, Kirkebøen og Raaum (SSB, 2005)

³ SSB, 1997.

det gjeld buplass har i tillegg fått meir å si. Foreldre ynskjer å leggje til rette for gode oppvekstvilkår og utviklingshøve for barna sine. Foreldre vil bu der dei trur barna vil få det bra, og næringslivet vil etablere seg der folk vil bu. Valmoglegheitene for lokalisering av næringsverksemd har endra seg vesentleg dei seinare åra, og vil truleg endre seg enda meir framover. Vi meiner at samfunn som kan tilby barn trygge, gode og framtidsretta rammer, vil vere attraktive når det gjeld kor folk vil busetje seg i framtida, og vi våger den påstanden at dei stadene som har dei beste kvalitetane på dette området, vil vinne kampen om busetjing og næringsetablering i framtida.

Vågå kommune ynskjer å ta ansvar for at våre barn og unge skal klare seg så godt som mogleg i framtida. Gjennom å auke kompetansen hjå barn og unge gjennom betre tilrettelegging i skulen og eit styrka oppvekstmiljø, vil vi motivere våre barn og unge til utdanning. Dersom Vågå ikkje kan vere konkurransedyktige i høve til å gje barn og unge den framtida dei fortener og treng for å klare seg, vil vi heller ikkje vere konkurransedyktige og attraktive i høve til å tiltrekke oss nye tilflyttarar eller halde på dei som allereie bur her.

Barnehagen og skulen er blant dei viktigaste arenaene i oppvekståra til barna våre. Mykje av grunnlaget for både den faglege kunnskapen vi skal tilegne oss og den sosiale opplæringa og utviklinga vi skal gjennom vert lagt der. Kva erfaringar vi gjer oss og kva påverknad vi får frå desse arenaene, formar oss i stor grad som menneske.

Vågå kommune ynskjer å fremje ein kultur for likeverdi, deltaking, verdsetting, frigjering og meistring ved å nytte seg av ein variasjon av kunst og kulturuttrykk i skulen, slik at ein ut frå dette kan styrke kunnskap og kompetanse i skulefaga generelt og i basisfaga spesielt. Andre verkemiddel for å nå dette er ei styrka bevisstgjerung på at vi lever i ei global verd. Barn og unge i Vågå skal oppdage at dei er ein del av eit større samfunn og at dei kan vere med på å gjere verda til ein betre plass å bu – både når det gjeld mellommenneskelege relasjonar og i eit miljøperspektiv. Med bakgrunn i dette samt det vi vidare vil omtale i dette notatet, ynskjer vi å setje i gang eit prosjekt kor vi gjennom å satse på barn og unge i brei forstand styrker befolkningsutviklinga og verdiskapinga i Vågå kommune.

2 Noregs beste skule

2.1 Om kunstfaga si tyding i utdanning og utvikling av menneske

For stutt tid tilbake la UNESCO fram ein betydeleg forskingsrapport kalla *The Wow Factor*⁴, med statistikk frå 60 land, i tillegg til utførte case-studiar i 35 land. Forskingsrapporten slår eintydig fast at å gje barn og unge meiningsfylt og god undervisning og formidling i kunst, musikk, dans, teater og andre kunst- og kulturytringar, vil ha overføringsverdi til andre fag, med betre resultat i kjernefag som språk, matematikk, lesing mfl. Rapporten stadfestar at gjennom auka tilgang på kulturell og sosial kapital, så aukar motivasjonen og trivselen blant elevane, dei får eit meir positivt forhold til skulen, betre sjølvbilete, blir meir kreative og betre på etikk og improvisasjon. Forskinga viser at resultatata i språk og lesing er 20 % betre i dei landa som brukar metodar frå kunst og kultur i undervisninga av basisfag enn i dei landa som ikkje gjer det. Dei finske skulane, som også scorar høgt i andre internasjonale studiar, brukar læring gjennom kunstfagmetodar i 80 % av faga⁵.

⁴ "The wow factor: Global research compendium of the impact of fine arts in education", leia av professor Anne Bamford

⁵ "Arabesk" nr. 1/08

UNESCO-rapporten viser imidlertid at dårleg undervisning i kunst- og kulturfaga gir negativ effekt på læringsresultata og påverkar elevane sin sjølvtilitt og motivasjon i feil retning. For å oppnå ynskja effekt i basisfaga, er det difor heilt avgjerande at lærarane som underviser i kunst og kultur har god fagkompetanse innan desse fagområda.

The Wow Factor er ikkje den fyrste forskingsrapporten som tek for seg positive læringseffektar som fylgje av kunstnariske aktivitetar. Ei lang rekkje rapportar visar denne samanhengen⁶. Bl.a. er det påvist at:

- Musikk er ein sentral byggestein for intelligens
- Å spele musikk utviklar kritiske nervekoblingar
- Kunstnariske aktivitetar
 - forbetrar romkjensla og arbeid med storleikar
 - byggjer abstrakte resonneringsmønstre
 - forbetrar tanken sin fleksibilitet
 - utviklar gode arbeidsrutinar
- 25 000 studentar vart fylgde over 10 år. Elevar som var aktive innan musikk hadde 57 poeng høgare score i verbalisering og 41 poeng høgare score i matte på amerikanske testar. Dei var også betre til å lese.
- Ei studie av 362 college-elevar viste at elevar som var aktive innan musikk, hadde mindre alkohol- og stoffproblem samt færre psykiske problem- eit tryggare fotfeste.
- Ei undersøking viste at 66 % av søkjarane som hadde fordjuping i musikk kom inn på medisinstudiet. 44 % av dei som fordjupa seg i biokjemi kom inn.

UNESCO sin forskingsrapport "Philosophy: A School of Freedom" frå 2007 er i likskap med "The Wow Factor" (2006) eit sterkt innlegg for å dreie satsinga i pedagogikken meir inn mot danning og vektlegging av ikkje berre *undervisning* i estetiske fag, men og ei *estetisk undervisning*. Dette har vist seg å ha effekt på heile grunnopplæringa, på lokalsamfunnet og på personleg og sosial utvikling.

2.2 Vågå kulturskule og tidleg intervensjon

Vågå kulturskule vart oppretta i 1992 og har skuleåret 2008/2009 166 elevar fordelt på følgjande aktivitetar: Piano, toradar, trekkspel, fele, fiolin, fløyte, saksofon, klarinett, barnekor, teater, dans, kunst og handverk, band og karusell. Pr i dag er det 2,1 årsverk tilknytt kulturskulen fordelt på 12 medarbeidarar. Av desse er det berre 7 med formell fagkompetanse innanfor faga dei formidlar. Det er eit regionalt samarbeid både på instruktørsida og elevsida, ved at enkelte av lærarane undervisar ved fleire kulturskular i regionen og at fleire av elevane i Vågå kulturskule kjem frå nabokommunane.

Skule-/barnehageåret 2008/2009 er det totalt 670 barn og unge i barnehagane og skulane i Vågå kommune, dvs. at knapt ein fjerdedel av dei unge i kommunen er brukarar av kulturskulen i Vågå⁷. Vi ynskjer at alle barn og unge i Vågå kommune skal få kjennskap til og moglegheit for å utfalde seg innan kunst- og kulturfag, og at dette ikkje kun skal vere eit tilbod til dei som er elevar i kulturskulen. Vi meiner det er viktig for alle barn å ha ein arena der dei føler meistring

⁶ "Arabesk" nr. 1/08 (www.amc-music.org)

⁷ Nokre av kulturskuleelevane har fleire plassar, dvs. deltek på fleire aktivitetar. Nokre elevar er frå vidaregåande skule, vaksne eller frå andre kommunar i regionen. Pr i dag er det ingen elevar under skulepliktig alder

og kor dei vert sett. Det er mange, som av ulike grunnar, slit og har vanskar med å hevde seg i dei ordinære skulefaga. Dette kan få følgjer både for sjølvkjensla deira og kva moglegheiter dei får seinare i livet. Dersom desse elevane får prøvd seg på andre område og med andre undervisningsmetodar enn dei ein vanlegvis nyttar seg av i ordinære skulefag, viser det seg ofte at skjulte evner kan kome til syne og at elevar blomstrar opp. Dette gjer at dei også vert betre rusta til å takle motgang.

Det er kraftig kjønnsbalanse i kulturskulen i Vågå. Per i dag består elevane av 78 % jenter og 22 % gutar. Det er grunn til å tru at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret står sterkare i eit bygdesamfunn som Vågå enn i meir urbane område, og at ein av den grunn kan sjå ei større grad av konservatisme her enn mange andre stader. Vi trur at ein gjennom større samhandling mellom barnehagane, grunnskulen og kulturskulen, kan fange opp dei elevane (og da særleg gutane) som ofte fell utanfor den ordinære kulturskulen.

Den generelle delen av læreplanen omfattar det å ta ansvar for heile mennesket og å utvikle "skapande menneske". Det fremste målet for utdanning er *utvikling*. I Læreplanverket for kunnskapsløftet (2006) heiter det at:

- *"Elevane skal utvikle glede ved det vakre både i møte med kunstnariske uttrykk og ved å utforske og utfalde eigne skapande krefter.*
- *Opplæringa må trene blikket og øve sansen for dei opplevingsmessige sidene ved alle fag.*
- *Opplæringa må tilpassast slik at barn og unge får smaken på den oppdagarglede som kan finnast både i nye ferdigheiter, praktisk arbeid, forskning eller kunst.*
- *Det viktigaste av alle pedagogiske oppgåver er å formidle til barn og unge at dei stadig er i utvikling, slik at dei får tillit til eigne evner.*
- *Foreldra har primæransvaret for oppfostringa av barna sine. Det kan ikkje overlatast til skulen, men bør utøvast også i samarbeidet mellom skule og heim. Skulen må i forståing og samarbeid med heimane hjelpe i barna si utvikling – og den må trekke foreldra med i utviklinga av miljøet rundt opplæringa og i lokalsamfunnet."*

Vidare seier "Læringsplakaten" bl.a. at ... "skulen og lærebedrifta skal legge til rette for samarbeid med heimen og sikre foreldra/dei føresette sitt medansvar i skulen", og ... "at det skal leggast til rette for at lokalsamfunnet vert involvert i opplæringa på eit meningsfylt vis".

Med bakgrunn i dette og kjennskapen til kunst- og kulturfaga si betydning for læring og utdanning, ynskjer vi at Vågå kulturskule skal bli arbeidsgjevar for ein stab av heiltidstilsette pedagogar med høg kompetanse innanfor alle dei estetiske faga. Kulturskulen må tilførast eksterne ressursar for å opprette nye stillingar innan fag som musikk, ulike kunstformer, teater, dans, scene, lyd og ljós, samt IKT. Ei slik organisering vil skape eit allsidig, breitt og inspirerande fagmiljø som kan serve både barnehagen, grunnskulen, skulefritidsordninga, kulturskulen og andre. Vi ynskjer å skape ein arena kor specialistane kan møte generalistane, og at det er i dette praksisfeltet at læringa skal skje. Vågå kulturskule, som eit lokalt kraftsentrum med høg kompetanse, skal vidare samarbeide, undervise og inspirere mot lokalsamfunnet elles, mot det frivilljuge lagsarbeidet som instruktørar og dirigentar, som kursleiingar, prosjektleiingar og iscenesettarar. Vidare skal kulturskulen dra til seg og samarbeide med det vi har av profesjonelle, lokale personar innan musikk, kunst og kultur. Målet er å skape eit spanande fagmiljø der kreativitet, kompetanse og glede vil kunne blomstre, til det beste for barn og unge spesielt, men også lokalsamfunnet generelt i Vågå.

Regjeringa har gjennom Soria Moria- erklæringa ei målsetjing om å innføre den såkalla "heildagsskulen" ved å auke timetalet for alle skuletrinn til 27 timar per veke. Vågå kommune er villig til å stille grunnskulen vår til disposisjon i høve til denne målsetjinga ved å prøve ut heildagsskulen i praksis. Ved å bruke den føreslåtte timetalsutviklinga til fleire skuletimar med praktiske og estetiske fag, ynskjer vi å styrke ferdigheitene i basisfaga.

2.3 Korleis oppnå målsetjingane i prosjektet?

2.3.1 Kulturskulen som ressurs- og kompetansesenter

Som eit verkemiddel for å oppnå målsetjingane i prosjektet, ynskjer vi å utvikle Vågå kulturskule til eit ressurs- og kompetansesenter innan estetiske fag, som vert integrert i den ordinære skuleverksemda i kommunen. Gjennom å gje elevane større tilgang på kulturelle opplevingar og erfaringar, samt bruke metodar frå kunst- og kulturfaga i undervisninga av grunnleggande basisfag, ynskjer vi å styrke læringsmotivasjonen, oppvekstvilkåra og trivselen deira. Dette vil i neste omgang bidra til at dei lærer meir i basisfaga og oppnår betre resultat i skulen, og totalt sett vil det gje barn og unge i Vågå ei best mogleg plattform for å klare seg vidare i livet.

I den estetiske dimensjonen ligg ei erkjening av at barn og unge lærer og utviklar seg gjennom å bruke alle sansar. Skal vi lukkast i å utvikle "det heile menneske", som er læreplanens overordna mål, må vi også gje elevane direkte sanseerfaringar. Vi ynskjer å bruke estetiske fag som "påkoblingsfag" og ikkje "avkoblingsfag", noko desse faga ofte vert oppfatta som i dag.

Med bakgrunn i den kraftige ubalansen mellom kjønna i dagens kulturskule i Vågå, kan det sjåast nødvendig å ha eit ekstra fokus retta mot gutane i høve til å engasjere og motivere innan estetiske fag. Val av metode og fag blir viktig i ein slik samanheng, og ein kan tenkje seg at praktiske, handverksmessige fagområde vil ha ein breiare appell til heile elevgruppa.

For å lukkast i arbeidet med å gjere Vågå kulturskule til eit ressurs- og kompetansesenter og der igjennom nå målsetjingane med dette prosjektet, vert det viktig å vidareutvikle eit sterkt partnerskap mellom barnehage, grunnskule, kulturskule og dei frivillige laga og organisasjonane i kommunen, samt kommunalt foreldreutval, ungdoms- og elevråd, musikkråd, mfl. Norsk kulturarv og Folkekulturforbundet, som er lokalisert i Vågå, vil kunne vera gode samarbeidspartar som kan bidra i prosjektet. Folkemusikkens Hus, som er under planlegging i Vågå, vil også bli ein naturlege aktør å trekke vekslar på. Fotograf Morten Krogvold og Arne Brimi, med sin nasjonale status innan mat- og kokkekultur, er begge godt forankra i Vågå og er flotte kulturpersonlegdomar som Vågå kulturskule bør involvere, lære av og formidle gjennom.

Vi har valt følgjande tre verkemiddel som skal bidra til at vi oppnår målsetjingane med prosjektet: Estetiske fag, IKT og matkultur.

2.3.1.1 Estetiske fag

For at Vågå kulturskule skal kunne bli eit lokalt kraftsentrum med høg kompetanse innanfor alle dei estetiske faga, ynskjer vi å tilføre kulturskulen 7 nye årsverk. Det må tilsetjast ein stab av pedagogar med kompetanse innan dei ymse kunstuttrykka. Ei slik organisering vil skape eit allsidig, breitt og inspirerande fagmiljø som kan bistå dei ulike barnehagane og skulane i kommunen med undervisningsopplegg. I praksis vil dette bli "ambulerande"

kulturskulelærarar, som skal sikre at barn og elevar ved alle oppvekstsentrene/skulane i Vågå kommune får tilgang på kunst- og kulturfagopplevingar og - undervisning av høg kvalitet. Målet er at kulturskuleaktivitetar, kunst- og kulturmetodar i større grad skal verte integrert i undervisninga av basisfag. For å oppnå dette, må kulturskulelærarar og dei ”ordinære” barnehagetilsette/grunnskulelærarane samarbeide om undervisningsform og – metode.

Vi ynskjer å gje tilbod innan:

- Musikk
- Dans og koreografi
- Teater
- Lyd og ljós
- Kunst og handverk

2.3.1.2 IKT

IKT er så mykje meir enn eit medium til å utføre basisoppgåver og informasjonsutveksling. Gjennom å kombinere tradisjonelle kultur- og kunstfag med bruk av dei moglegheitene som finst innan IKT, vil vi ytterlegare kunne utvikle barna sine kreative evner og kunstnariske talent. Det ligg store moglegheiter til dømes innan komponering av musikk, filmproduksjon og foto. Vi ynskjer difor gjennom dette prosjektet å bruke IKT som verkemiddel og metode i undervisninga av estetiske fag.

Kring dei større byane i Norge vert det køyrt ymse IKT-prosjekt i skulane i regi av aktørar i databransjen. Mindre og meir usentrale kommunar vert ikkje tilgodesett med slike moglegheiter og ressursar. I ljós av dette vil det vere ekstra viktig å prøve ut eit slikt prosjekt i ein kommune som Vågå, kor ein i tillegg får ein ekstra dimensjon ved å knyte det opp til ymse uttrykksformer innan estetiske fag.

Kommunen har i dag eit årsverk brukarstøtte på IKT i skulane, noko som i utgangspunktet er svært bra for ein kommune på Vågå sin størrelse. Imidlertid går dette mest på drifting og praktisk bruk av data. Gjennom dette prosjektet ynskjer vi å styrke den pedagogiske og estetiske bruken av IKT. Styrka opplæring og utvida bruk av IKT vil også vere eit viktig verkemiddel for å synleggjere kva som skjer i Vågå utanfor kommunen sine grenser.

IKT Norge, som er IKT- bransjen sin fagorganisasjon, ynskjer å bruke Vågå (i tillegg til ein skule i Trondheim) som si utprøvings- og satsingskommune, mellom anna ved å prøve ut IKT-løysingar berekna på barn i skulane her. IKT Norge ynskjer å hauste erfaringar med bruk av pedagogisk programvare og korleis dette påverkar læraranes kvardag. Det vil og vere naturleg å sjå til land som Canada, Australia og New Zealand, som sit på interessante erfaringar i høve til å skape større nærleik i meir grisgrendte strøk.

2.3.1.3 Matkultur

Med bakgrunn i at Vågå og regionen vi tilhøyrer har eit sterkt og levande landbruk og er ein rik tradisjonsberar av bondekulturen, har det i fleire år vore gjort ulike tiltak for å profilere Ottadalen som ein region med kompetanse og interesse for mat generelt og lokal mat spesielt. Som eit ledd i å auke både unge og vaksne si kompetanse og sitt medvit i høve til god og sunn mat basert på lokale råvarer, ynskjer vi å bruke mat og matkultur som eit verkemiddel i prosjektet. Ottadalen treng medvitne forbrukarar av mat og ikkje minst sysselsette på ulike

serveringsstader i nærområdet, med kompetanse innan mat og matkultur. Kjennskap til den lokale matkulturen vil også vere eit ledd i identitetsbygginga til heimstaden. Vidare er mat og matkultur eit viktig trivselselement, som dessverre ofte vert nedprioritert i ein travel kvardag. Konkret ynskjer vi gjennom dette prosjektet å lage eit undervisningsopplegg i skulen og eit kursopplegg for vaksne, som er forankra i lokale råvarer og den lokale matkulturen. I tillegg ynskjer vi å prøve ut ei ordning med skulefrukost.

Arne Brimi vil vere sentral i høve til utforming og kvalitetssikring av både undervisnings- og kursopplegg.

a) Skulefrukost og varm lunsj

I mange heimar vert frukosten nedprioritert i kvardagen. Ikkje alle ungar er heller like svoltne når dei nett har stått opp om morgonen. I Vågå er det i tillegg ein del ungar som må opp ekstra tidleg pga. at dei bur i ein viss avstand til skulen og at bussane ofte kjem til skulen i god tid før skulen startar. Det er imidlertid velkjent at ein god og sunn frukost legg eit godt grunnlag for dagens aktivitetar. Skular med erfaring frå å ha eit opplegg kor elevane får mat på starten av skuledagen, kan vise til rolegare og meir konsentrerte elevar, som i neste omgang får større utbytte av undervisninga. Med bakgrunn i dette ynskjer vi å prøve ut eit opplegg kor elevane i grunnskulen får tilbod om skulefrukost. Det vert lagt vekt på ro og harmoni, gjerne litt dempa belysning og musikk i bakgrunnen, som kan gje elevane ein fin start på dagen og kor dei får litt meir ro over måltidet enn det mange har moglegheit for å få til i heimen.

Vågå kommune gjennom Klonas AS samarbeider med Arne Brimi og Asker produkt om etablering av eit nasjonalt opplæringsssenter på Klonas i Vågå etter "Ekte og enkelt"-konseptet⁸. Her skal verna bedrifter frå heile Noreg kunne kome og bl.a. lære å lage matpakker for sal til skule og arbeidsplassar. Det blir også jobba med å etablere ei lokal "Ekte og enkelt"-bedrift. Denne bedrifta vil kunne vere ein aktuell leverandør av frukost til skulen i Vågå.

Vidare ynskjer vi å prøve ut eit opplegg med varm lunsj. Her vil sjukeheimen i Vågå kunne vere ein aktuell leverandør, både pga kort avstand til skulen og at dei har produksjonskapasitet til denne jobben.

b) Undervisningsopplegg i skulen

Vi ynskjer å oppgradere undervisningsopplegget innan faget "mat og helse" ved å utarbeide ein lokal fagplan for dette faget. Ved ein av skulane i Vågå, Tessand Oppvekstsenter, har Arne Brimi utvikla og finansiert eit eiga opplegg for elevane som går på smaksopplevingar, som starta opp vinteren 2009. Det kan vere aktuelt å utvide dette opplegget til å omfatte alle skulane i kommunen ved at det blir innlemma i den lokale fagplanen.

c) Kurs i mat og matkultur

Dette skal vere eit tilbod til både unge og vaksne som ynskjer å delta på kurs kor lokal mat og matkultur står i sentrum. I tillegg ynskjer vi å fokusere på andre dimensjonar knytte til matlaging, som hygiene, slakting, bruk av ymse reiskap mm. Vi vil gjere oss nytte av lokale fagpersonar innan dei ymse tema som kurset skal ta for seg.

2.3.2 Globale perspektiv

⁸ "Ekte og enkelt" er en VTA-bedrift, dvs. varig tilrettelagt arbeidsplass.

Hovudfokuset i dette prosjektet vil vere estetiske fag som verkemiddel og estetiske fag som mål i seg sjølv. Vi ynskjer likevel å lyfte prosjektet til også å omfatte to av dei viktigaste tema som kan setjast på dagsorden i vår tid, nemleg miljøvern og toleranse for andre menneske og kulturar. Vi ynskjer at barn og unge i Vågå skal forstå at dei er ein del av eit globalt samfunn og at dei kan vere med på å påverke – at eigne val kan være med på å påverke verda.

2.3.2.1 ”Verdsrommet”

I samband med ombygging av Vågåmo skule og integrering av kulturskulen i den ordinære skulen i Vågå, ynskjer vi å bygge eit ovalt bygg som skal bli eit lokalt fyrtårn plassert midt i skuleområdet. Vi ser for oss eit stort, fleksibelt rom med moglegheiter for utstillingar, oppsetjing av framsyningar, øvingslokale etc. Dette skal bli eit symbolbygg på ”Vågå i verda - verda i Vågå”. Estetikk og utforming vil bli tillagt stor vekt. Hovudmålet med dette bygget er at det skal gje barn og unge i Vågå eit innblikk i verda kring oss. Vi er ein del av eit verdsamfunn som gjensidig påverkar kvarandre, vi er alle verdsborgarar. Her skal alle verdsdelar vera representert gjennom utstillingar som presenterer ymse kulturar. Det vil bli viktig å integrere personar i Vågå med framandkulturell bakgrunn både i utviklingsarbeidet og aktivitetane i dette bygget. Det er og ei målsetjing at dette bygget skal bli eit bygg til kunnskap og inspirasjon for alle unge i regionen vår, og at det også kan ha synergieffektar for andre regionar.

Målet med etableringa av ”Verdsrommet” er at ein gjennom informasjon og kunnskapsoppbygging skal sjå Vågå og Noreg i ein internasjonal samanheng, og gjennom dette fremje ein kultur for toleranse, forståing og likeverd. Byggestart for ”Verdsrommet” vil bli hausten 2010.

2.3.2.2 Miljø

Vi ynskjer å stimulere til ei berekraftig utvikling gjennom å gje elevane i Vågå meir miljøundervisning. Målet er å inspirere og bevisstgjere dei unge til å ta eigne miljøbevisste val, samt påverke andre til å gjere det same. Vi ynskjer å inspirere barna til å oppdage naturen, sjå samanhengen mellom menneske og natur, lære om miljøutfordringane og erfare at det går an å gjere noko sjølv for å ta betre vare på miljøet.

Aktuelle tema og aktivitetar vil vere avfall og avfallshandtering, energi, klima, vatn, biologisk mangfald, kulturminne/kulturlandskap, internasjonalt miljøarbeid, uteskule, skulehage, inneklimate, helse, kosthald og fysisk aktivitet.

2.3.3 Samarbeidspartnarar og etterprøving

For å sikre fagleg forankring og kvalitet vil det vere naturleg at dette prosjektet knyter til seg eitt eller fleire høgskule-/forskingmiljø, både i førehandsplanlegginga og i gjennomføringsfasen. Ei breitt samansett profesjonell referansegruppe bør også oppnemnast. Likeeins er det avgjerande at eit profesjonelt miljø evaluerer prosjektet undervegs (fylgjeevaluering), rettleier, etterprøver og konkluderer. Aktuelle samarbeidspartnarar vil vera Høgskolen i Lillehammer, Høgskolen i Hedmark, Norges Musikkhøgskole, Norsk kulturskuleråd, Høgskulen i Oslo, Lærarhøgskolen i Bergen, Fotografiakademiet, Kunst- og Håndverkskolen i Oslo mfl. Når det gjeld den delen som går på internasjonalisering, etablering og aktivitet i ”Verdsrommet” vil til dømes Nordisk Råd, FN-sambandet, Det Norske

Nobelinstituttet, Fredskorpset, Norad og Amnesty vera potensielle samarbeidsaktørar. På miljødelen vil til dømes Grønn Hverdag, Norges Naturvernforbund, Natur og Ungdom, Direktoratet for naturforvaltning, Nasjonalt senter for naturfag i opplæringen”Den naturlige skolesekken”, Miljøagentene, Bellona osv vere naturlege samarbeidspartnarar. Dette prosjektet kan og vere interessant som masteroppgåve/ doktorgrad/stipendiatoppgåve, både når det gjeld forskning direkte på prosjektet og forskning på idègrunnlaget. Fleire av fagfolka ved pedagogikkseksjonen ved Høgskolen i Lillehammer har uttrykt interesse og støtte til prosjektet. Vi meiner at det også kan vere naturleg å knyte dette prosjektet opp mot andre utviklingsprosjekt i regionen og andre regionar, for å få ein regional og nasjonal, evt. internasjonal spreingseffekt.

2.3.4 Synleggjering av prosjektet

For å lukkast i arbeidet med å stabilisere og helst auke folketalet i kommunen, er det viktig å synleggjere dette prosjektet, både lokalt og nasjonalt. Både dei som bur i kommunen og potensielle tilflyttarar må ha tilgang på informasjon om korleis Vågå kommune satsar på barn og unge og kva effektar vi ynskjer å oppnå i form av styrka oppvekstvilkår, auka trivsel blant innbyggjarane våre, auka innbyggjartal og fleire næringsetableringar. Det må derfor lagast ein strategi for korleis ein skal marknadsføre dette prosjektet. Prosjektet må ha ei eiga heimeside, i tillegg til at det blir synleggjort på kommunen og skulen/oppvekstsentra sine heimesider. Vidare må vi arbeide aktivt og målretta for å få presseoppslag i regionale og nasjonale media. Vi må rette oss mot utdanningsinstitusjonar spesielt og arbeidsmarknaden generelt for å få den nye kompetansen vi ynskjer i skulen. Resultat av evalueringa undervegs i prosjektet og ikkje minst sluttrapporten må få stort fokus.

Den beste synleggjeringa av prosjektet vil vere i form av konkrete resultat. Desse resultatata er noko som må kome over tid, og alt er naturleg nok heller ikkje like målbart. Tilfredse innbyggjarar vil uansett vere dei beste ambassadørane for kommunen og prosjektet. Meir handfaste resultat vil vere eit aukande innbyggjartal og nye bedriftsetableringar og arbeidsplassar i Vågå.

2.3.5 Vågå som ”utstillingsvindaug” – nasjonal overføringsverdi

Gjennom å bruke Vågå som eit ”utstillingsvindaug”, ynskjer vi å skape eit prosjekt med nasjonal overførings- og nytteverdi. Dette går fyrst og fremst på det utviklings- og utdanningsmessige i høve til at erfaringane vi gjer oss i dette prosjektet skal kome alle barn og unge i Noreg til gode.

Vi ønskjer å få svar på om ei slik brei og sterk satsing på opplæring, kunst- og kulturformidling, der Vågå kulturskule har eit klart definert ansvar for kulturdimensjonen i både barnehage og grunnskule, og ut mot lokalsamfunnet og det frivillige lagsarbeidet, vil vera positiv for barn og unge sin totale utvikling, og der igjennom også resultere i ein positiv læringseffekt i andre fag enn dei estetiske. Likeeins ønskjer vi å sjå kva verknad eit kraftsenter som Vågå kulturskule slik det her er skissert, vil ha på lokalsamfunnet totalt, på trivsel, oppleving, kreativitet og utvikling, og befolkningsutvikling.

For å kunne dele erfaringane frå dette prosjektet, vil det vere viktig med erfaringsutveksling og oppdatering gjennom til dømes kursverksemd mot lærarhøgskular, etablering av praksisplassar for lærarstudentar og andre fagpersonar ved skulen i Vågå osv.

2.4 Organisering og finansiering

2.4.1 Tidsperspektiv for prosjektet

For at effektane av dette prosjektet skal kunne verte målbare, ser vi det som heilt nødvendig at prosjektet får ei tidsramme på minimum 5 år.

Vi føreslår følgjande plan for planlegging, gjennomføring og evaluering av prosjektet:

- Forprosjekt 2009
- Lokal involvering og forankring blant tilsette i barnehagane og grunnskulen i Vågå
- Tilsetjingsperiode av medarbeidarar i kulturskulen våren 2010
- Oppstart hausten 2010
- Sjølv prosjektperioda varar frå 2010-2015
- Fylgjeevaluering undervegs i perioda 2010-2015
- Evaluering og sluttrapport våren 2015
- Nedfasing/utfasing av prosjektet 2015

2.4.2 Forprosjekt

Det blir utlyst ei prosjektleiarstilling for forprosjektet i løpet av våren 2009. Kort oppsummert blir mandatet til forprosjektet å avklare og underbygge den endelege handlingsstrategia i prosjektet, avklare det økonomiske grunnlaget for hovudprosjektet, inngå avtaler og forplikte samarbeidsaktørar lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det må også gjerast vurderingar kring korleis ein skal nedfase/utfase prosjektet etter at prosjektperioda på 5 år er overstått. Forprosjektet får ei tidsramme på 1 år. Kostnadsramma knytt til denne stillinga er berekna til 600 000 kr.

2.4.3 Ressursbehov/finansiering

Årleg driftsbudsjett over ein 5-årsperiode:

| | |
|--------------------------------------------------|------------------|
| Lønn for 7 personar inkl. prosjektleiar | 3.500.000 |
| Kjøp av andre tenester/kons.bistand ⁹ | 500.000 |
| Materiell, utstyr | 500.000 |
| Reiseutgifter | 30.000 |
| Drift av tømmerhuset i Søre Grindstugu (base) | 200.000 |
| Evaluering | 100.000 |
| Div. utgifter | 170.000 |
| Årlege driftsutgifter | 5.000.000 |

⁹ Elizabeth Hartmann, Siste Skrik.

| | |
|-----------------------------------------|------------------|
| Forventa driftsinntekter | |
| Lønsmidlar innan grunnskulen | 500.000 |
| Kompetanseutviklingsmidlar | 300.000 |
| Drift av tømmerhuset i Søre Grindstugu | 200.000 |
| Prosjektmidlar (kommunal prioritering) | 500.000 |
| Eigne IKT-midlar | 200.000 |
| Forventa årlege statlege prosjektmidlar | 3.300.000 |
| Andre midlar ¹⁰ | XXXX |
| Årlege driftsinntekter | 5.000.000 |

I tillegg vil Vågå kommune gjennom aktiv bruk av tilsette i barnehage, grunnskule og i administrasjonen i prosjektperioden leggje inn eit minst like stort beløp årleg for å gjennomføre prosjektet. Da har ein ikkje rekna inn at kommunen kostar lokale og vil prioritere tid for å styrke nettverket i lokalmiljøet som ein føresetnad for at prosjektet skal bli vellykka.

2.4.3 Investeringar i bygg og utstyr 2008-2012

Som eit ledd i satsinga på oppvekst og skule i Vågå, har Vågå kommunestyre vedteke fylgjande investeringsbudsjett for perioda 2008-2012:

| | |
|--------------------------|-------------------|
| Vågåmo skule | 38 000 000 |
| Kjøken Vågå ungdomsskule | 350 000 |
| Lalm oppvekstsenter | 6 750 000 |
| Barnehage | 7 655 000 |
| Inventar/utstyr skulen | 750 000 |
| IKT-plan grunnskulen | 1 500 000 |
| Sum | 55 005 000 |

I tillegg til dette er står fylgjande tiltak på planen, men desse er enda ikkje vedteke i høve til investeringsbudsjettet: Galleri Krogvold, ein ny fleirbrukshall i tillegg til Vågåhallen, nytt folkebibliotek, opprustning/nytt aktivitetshus for barn og unge, "Verdsrommet" (ca 30 mill kr, byggestart hausten 2010, ikkje lagt inn her pga at innhald/omfang må avklarast nærare) samt byggetrinn 2 for Lalm oppvekstsenter.

2.5 Lokale tilhøve i Vågå

Her vil vi gå nærare inn på skulesatsinga, skulestrukturen, idrettssatsinga og arbeidet for framandkulturelle i Vågå.

2.5.1 Vågå kommune si satsing på skulen i arbeidet for barn og unge

I Vågå kommune har det i mange år vore ei felles satsing for gode oppvekstvilkår for barn og unge. Satsinga har vore på tvers av tenesteområdar, i samarbeid med lag, organisasjonar og andre aktørar. Barn og unge sin medverknad har vore vektlagt i skulen sitt vurderingsarbeid og i etableringa av fora som elevråd og ungdomsråd. Samarbeidet mellom heim og skule er

¹⁰ EØS-midlar, støtte frå Nordisk Råd, FN-sambandet og Norges Forskningsråd

vektlagt i vurderinga og utviklinga av opplæringsverksemda. Skulen har knytt til seg ei rekkje samarbeidspartnarar i arbeidet med å styrke den faglege kvaliteten på arbeidet som til dømes Høgskolen i Hedmark, Vågå Kulturskule og den Kulturelle skulesekken. I vurderingsarbeidet og arbeidet med tilpassa opplæring har vi dei to siste åra hatt eit samarbeid med Høgskolen i Østfold. Kommunen ynskjer å byggje vidare på gode erfaringar med heilskapleg innsats i skulen med stor medverknad frå elevane og heimane og i tett samarbeid med gode fagmiljø regionalt og nasjonalt.

2.5.2 Skulestrukturen i Vågå

Vågå kommune har ein desentralisert skulestruktur med tre oppvekstsenter der barnehage og skule er samlokalisert med 38 til 102 barn/elevlar per stad. I sentrum er det ein barneskule med 213 elevlar og ein ungdomsskule med 133 elevlar. I sentrum ligg det også ein barnehage med fire avdelingar, samt at det er ein privat barnehage i kommunen med 24 barn.

Elevtalframskrivinga syner at elevtalet i grunnskulen vil bli redusert med ca. 60 elevlar fram til 2012.

2.5.3 Idrettssatsinga i Vågå

Vågå har eit rikt og mangfaldig idrettsliv. Idrett har over lengre tid vore eit viktig satsingsområde for Vågå kommune, og da spesielt aktivitet retta mot barn og unge. Kommunen har ein eigen idrettskonsulent, som skal bidra til at det er eit aktivt idrettsliv i Vågå og at den fysiske aktiviteten (både organisert og uorganisert) er stor og god. Idrettskonsulenten besøkjer alle idrettslag og klubbar minst ein gong i året for å kartlegge kva behov desse har og for å drøfte samarbeidsoppgåver og omfang. Vågå kommune subsidierar idrettslag og klubbar ved leige av Vågåhallen, i tillegg til at dei kan søkje kommunen om støtte til husleigeutgifter, anleggstøtte og kulturmidlar.

2.5.4 Arbeidet for framandkulturelle i Vågå

Vågå kommune har eiga vaksenopplæring med norsk for framandspråklege. Med tanke på antal undervisningstimar vert det gjeve tilbod utover lovfesta rettigheitar. Kommunen vektlegg å leggja tilrette for at våre nye sambygdingar skal bli inkludert/integrert i høve til det frivillige idretts- og kulturlivet. Dette skjer m.a. med særskild informasjon til gruppa og at framandkulturelle vert invitert særskild med i til dømes hånarbeidsgrupper, idrettsgrupper, ungdomsklubb m.v.

Dei ymse kommunale tenestene vert aktivt brukt for å gje informasjon og arbeids-/språkpraksis samt kunnskap om dei kommunale tenestene og arbeidslivet generelt. Den kommunale kulturskulen og frivilljugheitssentralen er sær sentrale samarbeidspartnarar. Det er i praksis ingen ventetid på å få dei kommunale tilboda så som barnehageplass og norskundervisning.

Kommunen har eigne stillingar som flyktningskonsulent, ungdomskonsulent, næringskonsulent og idrettskonsulent som har særskildt ansvar overfor gruppa. I tillegg er kommunen iferd med å bygga eit nettverk med kommunale vertar for tilflyttarar. Vi ynskjer å ta vare på våre nye

sambygdingar for at dei skal trivast, for å ha eit mangfald, for å auke vår eigen kulturkompetanse og for å sikra innbyggjartalet.